



Vår dato:

14.04.2021

Vår ref:

2020/12077

Deres dato:

02.12.2020

Deres ref:

KOMMUNAL- OG  
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Kontakt saksbehandler  
Rigmor Kvia de Waard,

## Høyring - ny bustadsosial lov om kommunane sitt ansvar overfor vanskelegstilte på bustadmarknaden

Utgangspunktet for lovforslaget er at omsynet til betre og meir likeverdige tenester gjer det naudsynt med tydelegare lovregulering på det bustadsosiale området.

**Statsforvaltaren i Rogaland støttar utgangspunktet for lova og meiner tida er inne til å tydeleggjere kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale området både når det gjeld oversikt over behov, planlegging og medverknad frå den enkelte i arbeidet med å skaffe og behalde bustad. Det er ei svakheit ved lovforslaget at behovet for samarbeid på tvers av sektor internt i kommunen og i samarbeid med statlege aktørar er lite omtala.**

Statsforvaltaren i Rogaland er positiv til intensionane med eit lovforslag som vidarefører og presiserer det ansvaret kommunane har for det bustadsosiale arbeidet. Det er og positivt at forslaget har føresegner som skjerpar kommunane sitt ansvar når der gjeld å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga. Om varig bustad er eit mål, er det naudsynt at kommunane har oversikt over behovet for bustad til vanskelegstilte, og tar omsyn til dette i kommunane sin planstrategi og kommuneplan. Ei slik behovsvurdering bør sjåast i samanheng med og innarbeidast i arbeidet med folkehelseoversikta. Utfordringane derifrå må danne grunnlag for planstrategi og kommuneplan. Å unngå gettofisering og forslumming og skape gode bustadområde må vera eit mål for planarbeidet. Statsforvaltaren saknar krav og føringar som kan vera førebyggjande, til dømes krav til variasjon i størrelse og standard i bustader innanfor bydelar, tettstader mv og ein alternativ bustadpolitikk som held kostnadane låge.

Sjølv om Statsforvaltaren er positiv til intensionane med lovforslaget, er det vanskeleg å sjå at forslaget til ny lov styrkar den vanskelegstilte sine rettar på bustadmarknaden. Vi ser at det kan vera godt å samle heile bustadområdet i ei lov, men det er framleis opptil kommunane korleis dei ynskjer å organisera arbeidet. Slik loven er formulert famnar den områder som truleg vil inkludera fleire verksemder i kommunen enn dei ein skriv om i lovforslaget. Statsforvaltaren har gjennom arbeidet i strategien «Bustad for velferd» erfart kor sentralt det er med ei brei forankring av det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Vi stiller av den grunn spørsmål med om lovendringa vil føre til at brukar opplever tenesteområdet som meir samla enn i dag, noko som bør vera ei klar målsetting for ny lov.



## Opplysning, råd og rettleiing og ansvaret for medverknad

Ansvaret for medverknad ved råd og rettleiing er i dag heimla i helse- og omsorgstenestelova § 3-7 og i Lov om sosiale tenester § 15. I lovforslaget ynskjer ein å samle dette ansvaret i § 17 i lov om sosiale tenester. Ein grunngjev dette med at ansvaret for medverknad på det bustadsosiale området kan vere for utsøydeleg med heimel i to lovverk.

Når det gjeld bustadlovens § 5 kan denne delen tas inn som ein del av § 17 i lov om sosiale tenester eller det må vises til § 17.

Lov om sosiale tenester § 17 omfattar opplysning, råd og rettleiing og for å skaffe og halde på bustad. Paragraf 17 i lova viser kjerneoppgåve i NAV-kontora. NAV skal i si rådgjeving ha eit heilskapleg fokus på brukaren sin livssituasjon på ulike område, og i høve til bustadsituasjon. I pkt. 1.1 i rettleiar til § 17 og i Hovudnummer 35 pkt. 4.17.2.1 er det sagt at tenesta famnar alt frå enklare rettleiing for å kunne handtere kvardagen til fagleg kvalifisert råd og familieoppfølging. Innhaldet i opplysning, råd og rettleiing må vurderast ut frå behova til den enkelte brukar, og vera i samsvar med gjeldande sosialfaglege normer. Gjennom motivasjons- og endringsarbeid skal ein styrke den enkelte sin moglegheit til å mestre eigen livssituasjon på fleire områder, som arbeid og aktivitet, økonomi, heime- og bustadsituasjon, helse, fritid og nettverk. Tenesta skal føre til at brukaren i så stor grad som mogleg kan leve eit sjølvstendig liv og forsørge seg sjølv.

Statsforvaltaren i Rogaland meiner ein kan inkludera råd og rettleiing til vanskelegstilte på bustadmarknaden i lov om sosiale tenester ved å utvide § 17, eller som ein eigen § 17a.

Om ein ynskjer å etablira eigen bustadsosial lov der deler av lova skal administrerast av kommunane i NAV er det etter vår oppfatning heilt naudsynt at ny lov vert heimla i lov om sosiale tenester § 17. At kommunane skal gi råd og rettleiing til vanskelegstilte på bustadmarknaden etter § 5 i bustadloven bør vera eit eige punkt under § 17 for å styrke brukar sine rettar.

I partnarskapsavtalen i NAV er det lagt til grunn ei minimumsløysing i NAV. Ved innføring av ein ny bustadsosial lov som i det vesentlege skal administrerast i NAV ville dette få noko å seie for partnarskapsavtalene. Dette er ikkje omtala i høyningsnotatet.

Bustad og tenester til personar som er vanskelegstilte på bustadmarknaden krev ofte samarbeid internt i kommunen. Dette er for lite omtala i lovforslaget.

## Tilsynsheimel

Statsforvaltaren meiner det er viktig med tilsyn med om tenesta er tilgjengeleg, tilstrekkeleg og vert ytt i tide. Vi vil presisera behov for ei tydeleg normering av kva som er omfatta av kommunen si plikt på området og støtter forslaget om fagleg rettleiar på området.

Statsforvaltaren er som sagt positiv til intensjonane i lovforslaget, men ein må sjå nærmere på korleis ei slik lov i praksis vil styrka den enkelte sine rettar. Sjølv om lovforslaget omtaler kommunane sitt ansvar saknar Statsforvaltaren ei større merksemd på kor naudsynt det er med samarbeid med statlege aktørar for å lukkast med busetting av vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Statsforvaltaren og Husbanken er nemnd, men og helseføretak, kriminalomsorg mv er sentrale.



Med helsing

Lone Merete Solheim  
statsforvaltar

Rigmor Kvía de Waard  
konst. avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*